# *S o n g e n  åt  f a n g e n*

*Jakob Sande. Mel. Widar Bjerkaker( førde des. 1982/2001)*

**em H7 em**
So lagde dei lekkjone på meg
**F# H7**
og klaven kring halsen min batt. -
**C D G em**
Helsa mi pinte dei tå meg,
**F G em C D A**
%men hatet sit enno att ! % (i tempo)

**em H7 em**
Å, hadde eg kulor og knivar
**F# H7**
som rokk dit eg vilde det no,
**C D G em**
Gud nåde då lensmann og skrivar,
**F G em C D A**
% - dei lagdest snart lik båe tvo ! %

**em H7 em**
Å, var eg so giftig som pesten,
**F# H7**
og ill som ein eiterormstyng,
**C D G em**
Gud nåde då fengselspresten,
**F G em C D A**
% som går her og preikar og syng ! %

**em H7 em**
Kvi fa`n kjem den kallen inntil meg,
**F# H7**
med song og hallelujadikt !
**C D G em**
Kva svartaste er det han vil meg
**F G em C D A**
% med våset um anger og slikt ! %

**em H7 em**
Eg eig ikkje anger i bringa,
**F# H7**
og kjem eg meg eingong på dør
**C D G em**
skal kniven på ny eg svinga,
**F G em C D A - em**
% med kaldare hat enn før ! %